

Tilleggsliste til nr. 7.

S k a v.

1. Ukjend. Ein 90-åring har aldri høyrte om dette.
2. Ukjend. Same 90-åring har drivi mykje som slaktar, men har korkje høyrte eller røynt noko i den leid.
3. Dette er også ukjende ting her i bygda.
4. 90-åringen, Ole M. Mundal, fortel at dei som hadde rikeleg skavskog skov heile dagen. Det galdt å få så mykje krøtermat som råd var. Fødde ein 4-5 kyr med høyt, så skov ein l ku for til, så det vart 5 eller 6 kyr på båsen.
5. Som skavreidskap brukte dei ein gamal ljå med fille på. Reidskapen i oppgåvebrevet er ukjend her.
6. Stokken frå golv til bjelke vart berre nytta til skaving.
7. Kjøp eller leige av skavskog er ukjend. Ein må her vera merksam på at det er bygder med relativ lite skog. Dei fleste bruk hadde ikkje i overmål av skavskog.
8. Dette har ikkje vori aktuelt her. Ein kjenner ikkje til slike avgjerder.
9. Dette er ukjend. Det er lite truleg at gardane her i ytre Osterfjorden kunne nytta almenningen til dette. Den almenninga eg har høyrte tale om låg for langt borte.
10. Her er ingen som minnest dette.
11. Ordet skavhella er ukjend her.
12. Dette har eg aldri høyrte noko om.